

Møteprotokoll

Råd: Bjerkreim sokneråd

Dato og tid: 21.01.2026, 19:30

Stad: Bjerkreim kyrkjekontor

Saksmappe: BS2026-3

Til stades: Gudbjørg Bjerkreim (leiar), Andreas Osland (Nestleiar), Annbjørg Gravdal Larson (Medlem), Jan Tore Gjedrem (Medlem), Jane Fuglestad Rønning (Medlem), Valborg Bjerkreim (Medlem), Aslaug Marie Undheim (Varamedlem), Bente Gro Milwertz Slettebø (Varamedlem), Gunn Tone Grastveit Nilsen (Varamedlem)

Forfall: Per Børge Hillestad (Prest), Kari Tove Vikeså (Medlem), Kristoffer Gilje (Medlem), Vegard Mong (Medlem)

Protokollfører: Astrid Apalset Vassbø

Kyrkjeverje Astrid Apalset Vassbø møtte som sekretær.

Valborg hadde opning. Tollef Gjedrem deltok i starten og informerte om misjonsprosjektet i Kenya. Pga at vi er mellom to prestar var møtet utan geistleg deltaking, det var godkjent på førehand av prosten.

Sakslista

Faste Saker

001/26 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste 21.01.26

002/26 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 3. desember 2025

Møtesaker

003/26 FR: Foreløpig rekneskap 2025. Budsjett for 2026

004/26 FR - Status stab og stillingar pr. 14. januar 2026

005/26 SR: Status: Misjonsprosjektet Window of Hope

006/26 SR - Utleige kyrkje til julekonsert, Hanne Sørvåg

007/26 SR - Eventuellsaker 21. januar 2026

Orienteringssaker

00001 FR - Årsstatistikk for 2025

Gudbjørg Bjerkreim
leiar

Andreas Osland
Nestleiar

001/26 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste 21.01.26

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	21.01.2026	001/26

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Møtebehandling

Framlegg til vedtak vart einstemmig vedtatt. Tre saker meldt til eventuelt.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

002/26 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 3. desember 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	21.01.2026	002/26

Forslag til vedtak

Protokollen frå 3. desember 2025 vert godkjent.

Møtebehandling

Framlegg til vedtak einstemmig vedtatt.

Vedtak

Protokollen frå 3. desember 2025 vert godkjent.

003/26 FR: Foreløpig rekneskap 2025. Budsjett for 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	21.01.2026	003/26

Forslag til vedtak

1. Foreløpig rekneskap for 2025 vert tatt til orientering.
2. Budsjettet for 2026 vert vedtatt.

Møtebehandling

Foreløpig rekneskap for 2025 og forslag til budsjett for 2026 vart delt ut og gått gjennom i møtet.

Det er litt uklart kor mykje soknet vil motta frå kommunen i 2026, det er stilt spørsmål til kommunalsjef for økonomi ang. det beløpet vi har blitt forespegla. Truleg er det ein feil og det skal vere høgare.

Kommunestyret har sett av kr 650 000 til brannverntiltak og -oppgradering i bårhusa ved kyrkjene. Desse midla går ikkje innom vårt budsjett, soknet spør om kommunen kan ta på seg å organisere både å få inn tilbod på arbeidet og få tiltaket gjennomført.

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Foreløpig rekneskap for 2025 vert tatt til orientering.
2. Budsjettet for 2026 vert vedtatt.

004/26 FR - Status stab og stillingar pr. 14. januar 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	21.01.2026	004/26

Forslag til vedtak

1. Ronny Myksvoll får forlenga permisjon i 20 prosent frå stillinga si som menighetsarbeidar fram til 1. juli 2026.
2. Informasjonen ang. status for prestevikar vert tatt til orientering.

Møtebehandling

I tida frå innkallinga vart sendt ut til møtet vart gjennomført hadde Verena Fuglestad takka ja til stillinga som vikar i eitt år som sokneprest i Bjerkreim sokn. Ho byrjar i jobben 3. februar.

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Ronny Myksvoll får forlenga permisjon i 20 prosent frå stillinga si som menighetsarbeidar fram til 1. juli 2026.
2. Informasjonen ang. status for prestevikar vert tatt til orientering.

005/26 SR: Status: Misjonsprosjektet Window of Hope

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	21.01.2026	005/26

Forslag til vedtak

Soknerådet tek informasjonen til orientering.

Møtebehandling

Tollef Gjedrem deltok i møtet. Han kom heim tre dagar tidlegare frå eit besøk i Kenya, og viste nye bilete frå begge skulane til Window of Hope. Han hadde med eit enkelt rekneskap for 2025.

Tollef kunne fortelje at det no vert tilsett ein rekneskapsførar lokalt ved den eine skulen og eit rekneskapsprogram vert tatt i bruk for heile prosjektet Window of Hope. Overgangen til dette er styrt av ein ekstern konsulent som bistår med installering, rydding og opplæring. Slik Tollef ser det er det ikkje bevis på at pengar er forsvunne frå prosjektet, men det har ikkje vore bilag som viser alle utlegg. Dette blir det no betre rutiner på med det nye programmet og ein eigen person som skal arbeide med dette.

Midla som Bjerkreim sokn har samla inn i 2025 står på ein eigen konto, så dei har ein god kontroll på. Desse vil bli brukt til å bygge to nye klasserom. Klasseromma skal byggjast i mur og erstatte noverande rom i tre som termittar er godt i gang med å ete opp. Truleg er dei nye klasseromma oppe i løpet av våren.

Vedtak

Soknerådet tek informasjonen til orientering.

006/26 SR - Utleige kyrkje til julekonsert, Hanne Sørvåg

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	21.01.2026	006/26

Forslag til vedtak

Hanne Sørvåg kan gjerne leige Bjerkreim kyrkje til julekonsert i november. Betaling etter gjeldande regelverk for utleige av kyrkje til konsert til utanbygds aktørar. Endeleg dato vert fastsett i dialog mellom Sørvåg og kyrkjeverje.

Møtebehandling

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt. Soknerådet var einige i at vi foreslår fredag 27. november som ein god dato for konsert.

I etterkant av møtet har denne datoen blitt stadfesta av Hanne Sørvaag.

Vedtak

Hanne Sørvaag kan gjerne leige Bjerkreim kyrkje til julekonsert i november. Betaling etter gjeldande regelverk for utleige av kyrkje til konsert til utanbygds aktørar. Endeleg dato vert fastsett i dialog mellom Sørvaag og kyrkjeverje.

007/26 SR - Eventuellsaker 21. januar 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	21.01.2026	007/26

Forslag til vedtak

Ingen forslag til vedtak sendt ut før møtet.

Møtebehandling

I møtet kom det tre eventuellsaker/orienteringssaker:

1. Heile Norge ber

I 2025 var Bjerkreim sokn med på aksjonen Heile Rogaland ber. I år er han utvida til å gjelde heile landet heile året. Bjerkreim har valt laurdag 13. juni og har ansvar for bøn denne dato.

Det er Ronny og Ingelin i staben som har ansvar for organiseringa av denne dagen.

2. Julekonsert 12. des. 2026

Valborg, Kurt Magne, Geir Arne og Elisabeth Bjerkreim har søkt om å ha julekonsert i Bjerkreim kyrkje laurdag 12. desember mot å opptre i ei gudsteneste.

3. Sorggruppe

Det vart stilt spørsmål om det er tilbod om sorggrupper i Bjerkreim og uttrykt ynskje om at det vert lagt til rette for slikt sorgarbeid. Det vart ei kort drøfting om eventuellsakene.

Alle vedtak var einstemmige.

Vedtak

1. Informasjonen om Heile Norge ber vart tatt til orientering. 13. juni vert notert og meir informasjon kjem.
2. Valborg, Kurt Magne, Geir Arne og Elisabeth Bjerkreim får bruke Bjerkreim kyrkje til julekonsert 12. desember mot å opptre på ei gudsteneste.
3. Ynsket om sorggruppe eller tilsvarande sorgarbeid lokalt vert formidla vidare til diakonen.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	21.01.2026	00001

00001 FR - Årsstatistikk for 2025

Informasjon

I januar hvert år leverer alle fellesråd og sokn inn en detaljert årsstatistikk for aktivitet, tal på frivillige, innsamla midlar ++ for året før. Vedlegget viser det Bjerkreim sokn har levert inn i 2026 for 2025.

Dette til orientering.